

Årsmøtet i Uskedalen Utvikling skal haldast i Gamleskulen onsdag klokka 19 og etterpå kjem ein programpost som er viktig for bygda.

Då skal ein med utgangspunkt i kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet komma med innspel om kva Uskedalen ynskjer, Det har vore førebuande møte og drøfting av kva som er viktig på denne sektoren i tida som kjem.

Klokka 20 avviklast så dei ordinære årsmøtesakane med mellom anna årsmelding frå styret og arbeidsgrupper, handlingsplan for det nye året, rekneskap, budsjett, årskontingent og husleige for Gamleskulen, vedtektsendring og eitpar innkomne saker.

I valkomiteen sit Oddbjørn Kroka og Asbjørn Olsen som treng to personar til styret. Dei som eventuelt er interessert må melda seg til Kroka på telefon 907 88198 eller til Olsen på telefon 91 762678 seinast i morgon tysdag.

Kvifor ikkje gjera ein innsats for bygda i ein organisasjon som mellom anna har som føremål å gjera det enda trivelegare å bu i Uskedalen?

Av Ola Matti Mathisen